

Jonas Fjeld

Populærlitteraturen veks fram

☞ *Populærlitteratur* blir også kalla for triviallitteratur, kiosklitteratur eller underhaldningslitteratur og har til oppgåve å underhalde eit stort publikum. Denne typen litteratur kjem gjerne i mykje større opplag enn skjønnlitteraturen, og derfor blir også nemningane kvantitetslitteratur eller masselitteratur nytta.

☞ Populærlitteraturen omfattar mange sjangrar, for eksempel romanar av ymse slag, vekebladnoveller, føljetongar, teikneseriar, skillingviser og kjendisbiografar. Det er verd å merke seg at dei omgrepa vi bruker om populærlitteraturen i dag, først dukka opp i 1960-åra og seinare.

☞ I somme land, særleg i Frankrike og Belgia, finn vi ein gjensidig påverknad

mellom populærlitteraturen og «finlitteraturen». I desse landa hentar populærlitteraturen ofte stiltrekk frå «finlitteraturen» og omvendt. Den same tendensen ser vi eksempel på også her i landet.



Kva er litterær kvalitet? Bokprogrammet har møtt Frid Ingulstad, som er den forfattaren i Noreg som sel flest bøker

Populærlitteraturen når nye lesargrupper



☞ Romantikken (1800–1850) var ei blømingstid for populærlitteraturen, både her til lands og i mange andre land. Mauritz Hansen (1794–1842) skreiv fleire spennings- og kjærleiksforteljingar i denne tidsperioden.

☞ Men gjennombrotet for populærlitteraturen kom først i andre halvdel av 1800-talet. No lærte fleire seg å lese, og fleire fekk råd til å kjøpe litteratur. Byane

var i vekst, og her hadde folk tilgang til elektrisk lys i seine kveldstimar. Dei mest kjende populærskribentane frå denne perioden er Jon Flatabø (1846–1930), Rudolf Muus (1862–1935) og Karen Sundt (1841–1924).

☞ Rudolf Muus skreiv ein slags detektivforteljingar med romantisk tilsnitt, der skurkane kom frå underklassen og overklassefolka var heltar. Karen Sundt skilde seg ut fordi ho var kvinne, men også fordi ho skreiv om dei sosiale problema til underklassen. Dessutan var ho den første kvinnelege avisredaktøren i landet.

☞ Alle tre skreiv føljetongar (framhaldsforteljingar) i store opplag, og vi kallar dei *folkelitteratar* fordi dei nådde mange lesarar og gav folket det dei ville ha. Føljetongane skapte spenning og forventningar hos lesarane, og dei gav både forfattarane og forlaga store inntekter.

Skillingsviser

☞ *Skillingsvisene* er også ein del av den folkelege litteraturen. Nemninga skillingsviser skriv seg frå at desse visene vart spreidde som skillingstrykk, det vil seie som enkle trykksaker som vart selde for ein skilling. Skillingsvisene handla gjerne om kjærleik, svik og sladder, men dei kunne òg formidle nyheiter i poetiske vendingar. Slik sett kan vi seie at skillingsvisene utgjorde forløparen til vekeblada.

☞ Omreisande bokseljarar ordna med at også folk utanom byane fekk tilgang på lesestoff. Ein omreisande bokseljar vart gjerne kalla kolportør. Forfattaren Edvard Hoem skildrar møtet med ein slik kolportør i boka *Heimlandet Barndom*.



*Skillingsvisa
Tullingen*

GOD'S REVENGE AGAINST MURDER.

"WHOSE BLOODETH MAN'S BLOOD, BY MAN SHALL HIS BLOOD BE RIEED"

No. 6.

SATURDAY, JUNE 1, 1833.

PRICE ONE PENNY.



Corder burying the Body of Maria Martin.



The Arrest of Corder.

Engelsk skillingstrykk frå 1833

Øvre Richter Frich – ein bestseljar

☞ I 1920-åra var Øvre Richter Frich (1872–1945) den forfattaren som selde mest her i landet, med eit samla opplag på vel

to millionar bøker. Bøkene hans vart omsette til ni språk og vart kalla *spenningsromanar*. Det var vel nettopp opplevinga av spenning og tankeflukt som gjorde at litteraturen hans fascinerte så mange.



☞ Richter Frich var også journalist i fleire aviser, og han fekk status som stjerne-reporter i Aftenposten etter å ha dekt bybrannen i Ålesund i 1904. Måten han skreiv på, kom i ettertid til å vere eit mønster for norsk reportasjefjournalistikk.

☞ I 1911 debuterte Richter Frich som forfatter med romanen *De knyttede næver*. Her blir lesarane for første gong kjende med gjennomgangsfiguren *Jonas Fjeld*.

☞ Jonas Fjeld har fleire fellestrekk med forfattaren sjølv. Richter Frich var ein individualist som levde etter prinsippet om å ha minst mogleg ansvar. Han sa opp journalistjobben i Aftenposten da han skjønnte at han kunne leve av å vere forfatter og globetrotter på heiltid. I tjueto år reiste han ikring i verda og levde gode dagar, samstundes som han skreiv spenningsromanar. Han var rastlaus av natur og skaffa seg ikkje fast bustad før han var seksti år.

De knyttede næver – ein spenningsroman

☛ *De knyttede næver* frå 1911 er den første boka i serien om Jonas Fjeld. Cappelen forlag trykte boka på nytt i 1997, og i forordet skreiv Christopher Hals Gylseth dette:

Skikkelsen Jonas Fjeld kan best beskrives som en slags germansk blanding av Indiana Jones, James Bond og Arnold Schwarzenegger – nordisk utseende, med isblå øyne og firkantet kjeve, og med stål i ben og armer.

☛ Det er kampen mellom det gode og det vonde som er essensen i alle dei 21 bøkene om Jonas Fjeld, som kom i perioden 1911–1920. Den blonde germanske legen stig fram som ein helt og kjempar mot alle uromoment i samfunnet. Han er alltid på jakt etter å knuse ikkje-germanarar av typen anarkistar, sosialistar og kommu-



nistar. Helten er alltid eit godt menneske, og moralen er at det er den gode og rettferdige som vinn til sist.

Kritikk av ideologi og menneskesyn

☛ Det var få eller ingen i samtida som reagerte på menneskesynet som kom til uttrykk i bøkene til Richter Frich. Hovudpersonen Jonas Fjeld vert framstilt som ein blond, høgreist og breiskuldra mann av den ariske rasen. Han er ein heltefigur: lege av yrke, ein mann som meistrar det meste, er iskald i alle situasjonar og ein skarpskodd våpenbrukar. Fiendane hans derimot er alltid utlendingar, og dei blir framstilte som mindreverdige og nedbrytande element som driv med statskupp og anna undergravande verksemd. Ofte er dei av den såkalla slaviske rasen.

☛ Litteraturforskaren Willy Dahl har omtalt Øvre Richter Frich som «den mest erklærte rasist og voldsromantiker» i norsk populærlitteratur. Men i mellom-

krigsåra var ikkje menneskesynet til Richter Frich noko ekstremt eller spesielt. Det var samtidas syn på framande folk og kulturar som kom til uttrykk i populærlitteraturen frå denne tida, og det gjaldt ikkje minst den populærlitteraturen som vart utgitt under nemninga *kristen litteratur*.



Omslagsbiletet til *De udødelige dverge*; Lille Jonas Fjeld; *Storfjellens herre* Øvre Richter Frich utgitt av Norild

Kriminalromanen

☛ I etterkant har det vore vanleg å bruke nemninga *kriminalromanar* om bøkene til Øvre Richter Frich. Som skaparen av denne sjangeren reknar vi amerikana- ren Edgar Allan Poe, som skreiv ei rekkje skrekk- og kriminalnoveller i 1830- og 1840-åra. Det skulle gå over førti år før Poe fekk ein etterfølgjar: I 1887 gav engelskmannen Arthur Conan Doyle ut *A Study in Scarlet* – ei bok der etterforska- ren Sherlock Holmes er hovudfigur. Denne etterforska- ren, med lupe og intelligens, skulle bli prototypen på ein detektiv.



☛ *Mordet på Maskinbygger Roolfsen* (1839) av Mauritz Hansen vert rekna som den første kriminalromanen i norsk litteratur. Boka kom faktisk ut to år før debutboka til Poe. Romanen har mange drag som er typiske for romantikken, og interessa for det mystiske er felles for både kriminallitteraturen og romantikken.

☛ Sven Elvestad (1884–1934), under psevdonymet Stein Riverton, var den som introduserte det norske svaret på Sherlock Holmes, detektiven Asbjørn Krag. Den mest kjende boka er *Jernvognen* frå 1907. Sven Elvestad oppnådde stor suksess med bøkene sine, og dei vart omsette til sju språk.

☛ Elvestad stod også bak det populære seriemagasinet *Lys og Skygge*, som gjennom seksti år leverte kriminalhistorier om meisterdetektiven Knut Gribb og storforbrytaren Thomas Ryer.

Ein populær sjanger

☛ Tida fram til andre verdskrigen var ein gullalder for krim- og spenningslitteratur. Nordahl Grieg (1902–1943) var ein lovande ung journalist og forfattar. Saman med Gyldendals redaktør Nils Lie (1902–1978) skreiv han i 1929 *Bergenstoget plyndret i natt*.

☛ Boka gjorde stor suksess. Gyldendal forlag lanserte henne rett før påske, med tittelen utheva som ei avisoverskrift. Mange las og oppfatta annonsen for boka som ei nyheit og trudde at bergenstoget verkeleg var rana. Det høyrer med at dette var opptakten til det norske fenomenet *påskekrim*.

☛ Arthur Omre (1887–1967) og Torolf Elster (1911–2006) var populære krimforfattarar i 1930-åra. André Bjerke (1918–1985) skreiv kriminalromanar under




Skodespelar Henny Moan i filmen «De dødes tjern», basert på boka med same namn av Bernhard Borge (André Bjerke).
Foto: Scanpix

pseudonymet Bernhard Borge. Dei mest kjende romanane hans er *De dødes tjern* (1942) og *Døde menn går i land* (1947). Bjerke var påverka av Sigmund Freuds teoriar om korleis den menneskelege psyken fungerer, og dette kjem til uttrykk i dei fleste bøkene hans.



☞ Etter 1970 fekk vi ei bølge av samfunnskritisk kriminallitteratur. Frå Sverige kom det ein serie politiromanar av Sjöwall og Wahlöö som inneheldt sterk kritikk av det svenske samfunnet. Her i landet har mellom anna forfattarane Jon Michelet og Gunnar Staalesen litt av same ståstaden.

☞ Den tradisjonelle kriminalromanen er framleis populær, men også den psykologiske thrilleren og andre typar spenningsromanar har mange lesarar. Til dei mest lesne norske kriminalforfattarane i dag høyrer Anne Holt, Jo Nesbø, Karin Fossum og Unni Lindell.



*Kvart år deler Rivertonklubben ut prisen «Den Gylne Revolver» til forfattaren av den beste kriminalboka. I 1997 fekk Karin Fossum prisen. Litteraturprofessor Willy Dahl fekk Foreningen til kriminallitteraturens fremme sin ærespris.
Foto: Bjørn Sigurdson / Scanpix*

Westernsjangeren

☛ Helten i westernlitteraturen er opphavleg grensespeidaren («the frontier man»). Cowboyen melder seg på som helt litt seinare, og det er først da sjangeren får sitt store gjennombrot. Cowboyen blir ein helt som lykkast både i kjærleik og i revolverduellar.

☛ Forteljingane om alle bragdene som dei kvite gjorde i det ville Vesten, kom til å likne på det vi kallar *mytar*. Ein myte er ei historie eller ei segn kring historiske hendingar, som vil vise at det står høgare makter bak. Historiene om Buffalo Bill og Billy the Kid, som eigentleg var masse-mordarar, vart til ei slags heltesegner for den amerikanske nasjonen.

☛ For amerikanarane var det viktig å ha ein felles myte fordi dei som innvandra kom frå mange ulike land. Westernmyten

med felles verdjar og ideal kunne skape ei felles forhistorie og sveise desse menneska saman til ein nasjon.

☛ Westernsjangeren har vore svært populær her i landet. Den mest framstående westernforfattaren var Kjell Hallbing (1934–2004), som gav ut bøkene sine under psevdonymet Louis Masterson. Han skapte westernhelten Morgan Kane, fødd i Santa Fe av irske emigrantar. Den første boka,

Uten nåde, kom i 1966. Til

saman har Hallbing gitt ut 83 bøker om helten, med eit totalopplag på elleve millionar eksemplar. I tillegg er det laga film og teikneseriar.



Foto: Terje H.T. Andersen / Aftenposten / Scanpix

